



**Nissedal kommune**

**Rådmann**

Samferdselsdepartementet

## Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2015/47-2	Sverre Sæter, 35048402 sverre.seter@nissedal.kommune.no	N61	30.01.2015

### Høyringsvar til forslag om ny postlov - Nissedal kommune

Her følgjer særutskrift av formannskapet si sak nr. 7/15 med høyringsvar til framlegg til ny postlov.

Med helsing

Sverre Sæter  
Rådmann



**Nissedal kommune**

Arkiv:  
 Saksmappe: 2015/47-1  
 Sakshandsamar: Sverre Sæter  
 Dato: 07.01.2015

## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	7/15	22.01.2015

### Høyringsvar til forslag om ny postlov

Vedlegg:

- 1 Høyringsnotat
- 2 Forslag til ny postlov
- 3 Forslag til forskrift om post

#### Fakta i saka:

Forslag til ny postlov med forskrift er sendt ut på høyring med frist til 26. januar for høyringsvar.

#### Vurdering:

Det grunnleggande i forslaget til ny postlov er at det opnar for full konkurranse på postmarknaden og implementerer EUs tredje postdirektiv.

Ein god infrastruktur som omfattar gode posttenester er avgjerande for alle kommunar og fylkeskommunar. Kommunane er avhengig av at folk og næringsliv har gode vilkår. Ei svekking av det lokale næringslivet sine moglegheiter rammar i neste omgang busettingsgrunnlaget.

Regjeringa sitt forslag til ny postlov, og innføring av EUs tredje postdirektiv, vil gjere det vanskelegere å oppretthalde den desentraliserte næringslivs- og busettingsstrukturen me har i Noreg.

Forslaget innebærer at Stortinget ikkje lenger skal bestemme postpolitikken i Noreg. I lovframlegget vert det foreslått at det er departementet som i hovudsak skal bestemme. Dette er ei avpolitisering som Nissedal kommune fryktar konsekvensane av. Praktisk konsekvens av ei slik avpolitisering ser ein konturane av i saka frå Nome der det vert kjempa i rettsapparatet om ei unntaksbestemming om postombæring. Der er allmenn vilje til at landet vårt er eitt, og at både sentrale stork og distrikta side om side tener på korleis postpolitikken er utforma slik den er i dag.

Ei omlegging i tråd med framlegg til endring vil kunne føre til at både næringsliv og innbyggjarane ute i distrikta vil få dårlegare vilkår enn elles i landet. Landet sett under eitt er ikkje tent med dette.

Nissedal kommune ynskjer å halde fram følgjande som sine viktigaste innvendingar mot framlegg til ny postlov:

- Enheitsportoene og eineretten til Posten Norge gjer at me har eit spleiselag som syter for gode og likeverdige posttenester til lik pris i heile landet. Regjeringa ynskjer å fjerne denne enheitsportoene for 90 % av sendingane, og oppheve eineretten Posten Norge har. Det vil føre til dårlegare og dyrare posttenester, spesielt for næringslivet i distrikta. Røynsle frå andre land i EU støttar nettopp dette.
- Konkurrentane vil gå med post der det er mest lønsamt, og overlate resten av postomberinga til Posten Norge. Nissedal kommune er svært kritisk til om ein slik opplagt effekt av lovendinga er klok.
- Regjeringa har ikkje rekna på kor mange statlege milliardar den nye postpolitikken vil koste. Dette meiner Nissedal kommune er svakt.
- Regjeringa kuttar ut postomdeling på laurdagar, men held døra på gløtt for fortsatt utlevering av aviser.
- Stortinget skal ikkje lenger bestemme postpolitikken i Norge. I lova blir det foreslått at det er departementet som i hovudsak skal bestemme. Dette er ei avpolitisering som vil svekke vilkåra til distrikta i landet.

#### **Konklusjon:**

Nissedal kommune stiller seg tvilande til om ei ny postlov med det forslaget som nå ligg føre vil tene landet under eitt. Nissedal kommune ser at ei ny postlov vil kunne ramme distrikta med eit dårlegare tilbod enn landet elles, og vil hevde at dette er ikkje til gagn for landet samla.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Nissedal kommune meiner at ny postlov ikkje må vere med på å svekke næringsliv og busetting ute i distrikta. Det er viktig at alle innbyggjarane i heile landet får tilnærma like posttilbod til same pris uavhengig av kor dei bur. Det er viktig at Stortinget sikrar dette med fortsatt å bestemme postpolitikken i Norge.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 22.01.2015**

Omforeina endringsforslag:

Nissedal kommune meiner at framlegget til ny postlov vil svekke føresetnadene for velfungerande næringsliv og busetting i distrikta. Det er viktig at alle innbyggjarane i heile landet får tilnærma like posttilbod til same pris uavhengig av kor dei bur.

Stortinget bør sikre dette med fortsatt å bestemme postpolitikken i Norge.

Votering: samrøystes for endringsforslaget.

#### **Vedtak**

Nissedal kommune meiner at framlegget til ny postlov vil svekke føresetnadene for velfungerande næringsliv og busetting i distrikta. Det er viktig at alle innbyggjarane i heile landet får tilnærma like posttilbod til same pris uavhengig av kor dei bur.

Stortinget bør sikre dette med fortsatt å bestemme postpolitikken i Noreg.